

Å R D A L

HANDLINGSPLAN

2017



HANDLINGPLAN 2017

1. Legge til rette for nye lønsame arbeidsplassar

Mål:

Bidra til langsiktig utvikling gjennom kontinuerleg fokus på lokalt næringsliv si evne og vilje til å utvikla nye markadar, produkt og tenester og leggja til rette for at fleire bedrifter vert etablert i Årdal.

- » Vidareutvikle eit profesjonelt serviceapparat mot næringslivet.
- » Nyetableringar og nye satsingsområde i eksisterande bedrifter må ha som siktemål å styrke og vidareutvikle teknologimiljøet i Årdal.
- » Besøksnæringa reiseliv skal ha spesiell merksemd i 2017.
- » Fleire gode gründerar: Stimulere til at fleire lukkast med å etablere eiga verksemd, og maktar å ta etableringa over i ein vekstfase.

1.1. Førstelinjeteneste

Mål:

Utvikle vidare Årdal Utvikling som ei serviceteneste for dei som ønskjer å skape nye bedrifter eller utvikle eksisterande bedrifter. Hjelpje næringslivet i å finne fram i verkemiddelapparatet.

1.2. Nyskaping og organisk vekst

Mål:

Gjennomføre prosjektet «Framtidige robuste arbeidsplassar i Årdal». Saman med regionen gjennomføre eit stort, felles løft og nye strategiske tilnærmingar for å auke den samla nyskapingsevna vår.

- » Etablering av nye bedrifter.
- » Vekst i eksisterande bedrifter.
- » Forskings- og utviklingsarbeid.

1.3. Akkvisisjon

Mål:

Gjennomføre prosjektet «Framtidige robuste arbeidsplassar i Årdal». Det gjeld å finne dei verksemdene som;

- » Ser på Årdal som ei spennande lokalisering.
- » Er interessante for Årdalssamfunnet.
- » Kan utnytte dei moglegheitene ei lokalisering i Årdal kan gi.

1.4. Legge til rette for at Hydro vidareutviklar teknologisatsinga i Årdal

Mål:

Legge til rette for at Hydro moderniserer i Årdal ved at dei vidareutviklar teknologiseret i Årdal og etablerer ny hall for verdas mest bærekraftige aluminiumsproduksjon.

- » Arbeide for at Hydro får rammevilkår som gjer det mogleg å etablere ein fullskala produksjonshall med framtidas teknologi i Årdal.
- » Arbeide for at Hydro oppgraderer og utviklar karbonfabrikken på Årdalstangen.
- » Få fram Årdal sine konkurransefortrinn; tilgang på vasskraft, tilgjengeleg areal, høgkompetent arbeidsstokk og kompetansen knytt til teknologiseret i Årdal.
- » Arbeide for knoppskyting knytt opp til FoU-miljøa i Årdal, saman med SIVA, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Innovasjon Norge.

2. Helse

Mål:

Med den komande eldrebølgja, vil vi ha eit veksande behov for ulike typar helsetenester. Årdal skal satse på næringsutvikling knytt til førebygging og rehabilitering innan helse generelt og psykisk helse spesielt. Denne satsinga skal gjerast i tett samarbeid med satsinga innan reiseliv, der opplevingar og infrastruktur skal kunne nyttast i begge bransjar over heile året.

- » Utvikle ein strategi for nyskaping og organisk vekst i eksisterande helsebedrifter.
- » Utvikle «Basecamp Årdal» til eit fyrtårn innan rehabilitering og som eit folkehelseiltak, der vi tek naturen i bruk.
- » Utvikle privat-offentleg samarbeid som eige satsingsområde knytt til helsemarknaden.
- » Etablere gode relasjonar til aktuelle utdanningsmiljø som sikrar god tilgang på spisskompetanse.

3. Kompetanse og innovasjon

Mål:

Med utgangspunkt i våre sterke vekstkraftige næringsmiljø, må vi utvikle ein kompetansestrategi som kombinerer kompetanse, nettverk og kapital. Samarbeid mellom FoU og næringslivet vert ein nøkkelfaktor i strategien. Strategien skal vere eit strategisk fundament for å få fleire grunderar, fleire vekstkraftige bedrifter og eit stort innovativt næringsmiljø.

- » Auka innovasjonsgrad, auka produktivitet, realisering av potensialet for lønsemd og betre konkurransekraft.
- » Sikre verksemdene rett arbeidskraft for å unngå at drift og produksjon vert flytta utanlands.
- » Stimulere til utvikling av klynger og andre innovative næringsmiljø med vekstpotensiale.
- » Sterkare samspel mellom FoU-institusjonar og næringslivet for å realisere eit enda større utbytte hos alle aktørane.

3.1. Utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov

Mål:

Saman med Årdal vidaregåande skule og grunnskulen etablere utdanningsretningar tilpassa næringslivet sine behov i Årdal og regionen. Dette skal danne grunnlag for å sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft til alle bedrifter i Årdal på mellomlang og lang sikt. Skulen skal vere eit ressurscenter for nærmiljø og regionen og skal legge til rette for behov knytt til kompetansereforma og gje tilbod om opplæring for næringsliv, arbeidsledige og permitterte.

- » Etablere samarbeidsarenaer mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar i Årdal og etablere praktiske ordningar for å flytte læringsarenaen frå klasserommet og ut i næringslivet. Arbeide fram eit høgskuletilbod i Årdal, innan omsorg og helse.
- » Etablere Sogn Teknologisenter i Årdal saman med Sogn Opplæringskontor. Senteret skal saman med interessentar utvikle samarbeidet mellom grunnskule og vidaregåande skule og sikre ei god plattform for kompetanseutvikling.
- » Arbeide for å styrke fagutdanninga i den vidaregåande skulen, saman med næringslivet og Årdal vidaregåande skule.
- » Etablere ein årleg «Kunnskapsdag i Årdal», der ein set fokus på kunnskapsutvikling, innovasjon og nyskaping.

4. Eitt samfunn

Mål:

Årdal har to tettstader Årdalstangen og Øvre Årdal. Vi skal utvikle Årdal ved å redusere den praktiske og mentale avstanden mellom dei to sentrumsområda. Dette blir ein viktig føresetnad for å styrke bustadattraktiviteten i Årdal. Dette gjer vi ved å betre kommunikasjonsløysingane og etablere ei klar rolledeling mellom sentrumsområda. Vi skal aktivt dyrke fram ulikskapen mellom tettstadene, når det gjeld opplevingar, handel, service, tenestetilbod og bustadmiljø. Å bygge eit godt omdøme for Årdal må bli alle sitt ansvar.

- » Kultur og opplevingar skal nyttast aktivt i arbeidet med å utvikle spennande og attraktive tettstader. Vi skal legge til rette for næringsutvikling og bedriftsetableringar, men også tiltak som i første omgang er med på å styrke identitet og ei positiv oppleving av staden.
- » Ved å satse på næringsutvikling som også er basert på kultur, oppleving og fritid, vil dette vere med på å gi identitet og attraktivitet til Årdal.
- » Kulturbaserte næringer gjer at staden blir interessant som bustad og ein stad der ein har lyst å bu, jobba eller besøke.

4.1. Strategiplan for kulturbasert næringsutvikling

Mål:

Med utgangspunkt i kulturnæringane og kulturbaserte næringer i Årdal, skal ein arbeide fram ein strategi for at desse næringane skal bli vekstnæringer i kommunen. Planen skal få fram ei kartlegging av eksisterande tilbod/aktivitet og gi ei oversikt over vedtekne strategiar, planar og verkemiddel som eksisterer i dag. Idrett, arrangement og naturbaserte opplevingar skal og vere ein del av omfanget.

- » Strategien skal vektlegge synergjar mellom dei ulike næringane og kva innsatsfaktor dei er i andre næringar.
- » Strategien skal synleggjere utviklingspotensialet i næringane.

4.2. Betre kommunikasjonsløysingane

Mål:

Arbeide fram gode kommunikasjonar for Årdal, både ut og inn av Årdal og internt i Årdal, og korleis desse eventuelt kan realiserast og finansierast.

- » Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om FV 53.
- » Arbeide med utfordringar lista opp i rapport om Tindevegen.
- » Realisere eit prosjekt for skyttelbuss mellom Årdalstangen sentrum og Øvre Årdal sentrum. Målet er å sikre eit busstilbod med halvtimes avgangar mellom tettstadane. Prosjektet skal ha ein miljøprofil. For å sikre ei god gjennomføring av prosjektet vil ein utvikle dette saman med Årdal kommune og næringslivet i kommunen.

4.3. Legga til rette for ei framtidretta og marknadsorientert utvikling av besøksnæringane i Årdal

Mål:

Saman med besøksnæringa realisere ein heilskapleg næringsstruktur innan handel, service, reiseliv og kultur i Årdal som sikrar eit variert tilbod av varer og tenester i bu- og arbeidsområdet.

- » Arbeide fram konkrete næringsprosjekt.
- » Arbeida fram og realisere planar for etablering av ulike tilbod for ungdom i Årdal.
- » Etablere opplevingsaksen frå Sognefjorden til Jotunheimen som ei felles strategi for alle besøksnæringane.
- » Legge til rette for å utvikle sentrumsområdet og sjøfronten på Årdalstangen saman med besøksnæringane.
- » Etablere forprosjekt «Ta Årdalsvatnet i bruk».

5. Reiseliv

Mål:

Årdal skal utvikle eit innovativt reiselivsmiljø med breie samarbeidsflater, og der «reason to go» vert skapt gjennom høg grad av kundetilpassing og opplevingar som spelar på natur eller kontrasten mellom industri og natur. Satsinga skal integrerast tett med dei andre besøksnæringane handel og kultur.

- » Utvikle tydelege opplevingar som gjev «reason to go» og kan marknadsførast og tilpassast ulike målgrupper.
- » Etablere naudsynt infrastruktur for gode gjesteopplevingar.
- » Utvikle reiselivsbedrifter, etablere samarbeid og møteplassar for vidare innovasjon i næringa.
- » Legge til rette for ein god organisering i næringa.

Operativ strategi	Prosjekt 2017	Tid	Budsjett	Ansvar
	Realisering av strategi	År	MNOK	
1 LØNSAME ARBEIDSPASSAR	1. Utviklingsprosjekt inntil fem lokale bedrifter som skal sikre god lønnsemd for vidare ekspansjon	2017	1,0	ÅU
	2. Realisere industriprosjekt i Tangenvegen 7 industribygg (akkvisisjon)	2017	0,8	ÅU
	3. Arbeide for at Hydro etablerer ein fullskala produksjonshall med framtidens teknologi i Årdal	2017-2020	0,1	ÅU/ÅK
	4. Arbeide vidare med omstillingsprosjektet «Framtidige robuste arbeidsplassar i Årdal»	2017	0,7	ÅU
2 HELSE	1. Forstudie «Basecamp Årdal» - rehabilitering, folkehelse og førebygging	2017	0,8	ÅU
	2. Forstudie for å posisjonere Årdal mot store helseføretak i den norske marknaden	2017	0,5	ÅU
	3. Realisere minst 2 nyskappingsprosjekt knytt til helse	2017-2018	0,8	ÅU
3 KOMPETANSE OG INNOVASJON	1. Styrke fagutdanninga ved Årdal vidaregåande skule	2017-2020	0,1	ÅU
	2. Forprosjekt etablering av "Sogn Teknologi Senter"	2017	0,2	ÅU/ÅN
	3. Legge til rette for utvikling av Sogn Opplæringskontor	2017	0,1	ÅU/SOK
	4. Utvikle ein strategi for kompetanse og innovasjon (vedlegg til SNP 2018)	2017	0,3	ÅU/ÅN
	5. Etablere ein årleg konferanse "Kunnskapsdag i Årdal"	2017	0,1	ÅU/ÅN
4 EITT SAMFUNN	1. Delta i prosjekt "Stamveg Stavanger - Trondheim gjennom Årdal/Luster"	2017-2020	0,1	ÅU/ÅK
	2. Breiband i heile Årdal	2017-2020	0,1	ÅNett/ÅU
	3. Arbeide for å gjere synleg Årdal sine kommunikasjonsbehov og korleis desse bør løysast	2017-2020	0,1	ÅU/ÅK
	4. Realisere prosjekt skyttelbuss	2017-2018	0,1	ÅK/ÅU
	5. Forprosjekt "Ta Årdalsvatnet i bruk"	2017-2018	0,3	ÅU
	6. Utvikle ein strategi for kulturbasert næringsutvikling (vedlegg til SNP 2018)	2017	0,3	ÅU/ÅK
5 REISELIV	1. Forstudie hytteturisme i Årdal	2017-2018	0,2	ÅU
	2. Forprosjekt utvikling av Utladalen	2017	0,5	ÅU/Reiseliv
	3. Forprosjekt sykkelturisme i Årdal	2017	0,1	ÅU/Reiseliv
	4. Arrangere fagdag "krav til reiselivskommune" for kommune, næringsliv og andre	2017	0,1	ÅU/ÅN
	5. Realisere prosjekt Sjøfronten	2017-2018	0,1	ÅU/ÅS
	6. Nasjonalparkfestivalen Under Storen, vidareutvikling av konseptet – delprosjekt Vettisriket	2017	0,1	ÅU/Reiseliv
	7. Profilering Utladalen – realisering	2017-2020	0,7	ÅU/Reiseliv
	8. Utvikling av «bedriftsnettverk»	2017-2020	0,5	ÅU/Reiseliv

Tiltaka står i ikkje-prioritert rekkefølge.